




FRÅVÆRSPLAN FOR GRUNNSKOLANE I NORD-FRON KOMMUNE

Dei fleste barn og unge går på skolen frivillig og utan problem, men nokre elevar har likevel vanskar med å kome seg på skolen. Eleven kan vere borte heile dagar, eller delar av ein skoledag. Den siste tida har fråvær vorte eit aukande problem, også i Nord-Fron. Det er difor utarbeidd ein fråværsplan og etablert eit tverrfagleg ressursteam for barn og ungdom.



Informasjon om samarbeid.

Hensikta med samarbeidet er å gje så god hjelp som mogleg til elevar som byrjar å få høgt skulefråvær. Tverrfagleg samarbeid inneber informasjon og ansvarsfordeling mellom t.d. barnevern, PPT, kommunepsykolog, helsestasjonen/skolehelsetenesta og representant frå den enkelte skole.

Tiltaksplanen er utarbeidd i eit samarbeid mellom skolane, skolehelsetenesta, kommunepsykolog, PPT og barnevernet i Nord-Fron.

PPT, kommunepsykolog, barnevern og skolehelsetenesta er faste medlemmar i fråværsteamet, utan at det er faste representantar frå desse tenestene. I tillegg vil kontaktlærer til eleven det gjeld, (sosialrådgjevar VUS) og rektor ved skolen delta.

Samarbeidspartane forhold seg til teieplikta i : Forvaltningslovens § 13 og Lov om helsepersonell, samt tenestene sine respektive lovverk knytt til teieplikta. Samarbeidet skal i alle tilfelle gå føre seg på ein etisk og god måte som tek vare på eleven.

Tenester som blir involvert i pkt. 2 i tiltaksplanen

Instans	Representant i gruppa (må fyllast ut for kvar skole/sak)
Rektor (kallar inn til første møtet med fråværsteamet)	
Kontaktlærer	
Kommunepsykolog	
PPT	
Barnevern	
Skolehelsetenesta	
Fastlege saker der fråvær blir grunngjeve med helsemessige problem.	
<i>Andre aktuelle frå skolen.</i>	

Rektor

Underskrift føresette



TILTAKSPLAN VED ELEVFRÅVÆR

1. Ved fråvær i seks (6) dagar i ein termin: (sjå bort frå innvilga permisjon) Kontaktlærer tek kontakt med heimen for å avklare situasjonen. Det blir om nødvendig lagt ein plan for dei påfølgande fem dagane saman med føresette. Skolen sin tiltaksplan ved elevfråvær blir presentert. Foreldrekontakt skal dokumenterast i elevmappe. Rektor skal varslast.



Eleven er tilbake på skolen.



2. Ved fem nye dagar fråvær etter at føresette er varsla om dei fyrste seks dagane: (sjå bort frå innvilga permisjon)

Ressursteam og foreldre skal møtast etter innkalling frå rektor. Ressursteam utarbeider møteplan for skuleåret med eitt møte pr.mnd. I møtet blir det bestemt kven som skal følgje opp fråværet. Er det nyttig med foreldrestøtte? På møtet skal det lagast ein plan for oppfølging av dei tenestene som blir involvert på dette stadiet. Rektor leiar dette møtet.



3. Etter 2-4 veker, dato bestemt i pkt. 2.

Fråværsteam og foreldre skal møtast på nytt for å evaluere effekt av tiltak. Vidare strategi og involverte instansar blir bestemt.



Eleven er tilbake på skolen.

4. Ved fortsatt fråvær på eller over 10%.

Tilbake til pkt. 2. Evt. utarbeide planar med andre tidsfristar enn 2-3 veker. I denne fasen må tiltak tilretteleggast individuelt, og det er lite hensiktsmessig å skissere ein standard.

Fråværsteam skal samlast etter behov

Planen er sist revidert i oppvekstmøte 22.08.2019





Vinstra ungdomsskole



Kvam skole



Barhaug skole



Sørdorp skole



Skåbu oppvekst